

## **Resolusjon nr 1 2018.**

### **Nedprioritering av eldreomsorga i kommunane i Sogn og Fjordane.**

I januar i år kom Fylkesmann Anne Karin Hamre med ei «bekymringsmelding» etter å ha gått gjennom kommunebudsjetta i fylket. Fylkesmannen hadde registrert at mange av kommunane i Sogn og Fjordane hadde nedprioritert løyvingane til eldreomsorg i budsjetta sine. Dette skjer trass i at alle utviklingstrekk tyder på at eldreomsorga vil krevje større ressursar i framtida.

Pensjonistforbundet har fått mange tilbakemeldingar frå lokallag som ser same tendensen i sine kommunar. Alle veit at talet på eldre aukar, vi veit at talet på dei eldste eldre aukar mest, og kva krav det stiller til kommunane. Samstundes utfordrar samhandlingsreforma både økonomi og kompetanse. Mange kommunar treng investere både i sjukeheims plassar/omsorgsbustader med heildøgns pleie og omsorg, og i vanlege omsorgsbustader. Samstundes må heimetenestene styrkast slik at dei som ynskjer det, får bu heime så lenge som mogeleg. Med dette lettar ein og presset på sjukeheims plassane. Dette kostar pengar. Kortsiktige nedskjeringar gjev store menneskelege kostnader, og på lenger sikt er mange «innsparingar» også dårleg økonomi for kommunen. Mange kommunar føretek nedskjeringar på matbudsjettet ved å sentralisere produksjon av mat til eldre. Resultatet blir lang lagringstid, lang transport og mykje plastavfall. Mange eldre har dårleg matlyst og har vanskar med å få i seg nok næring. Lokalprodusert kortreist mat er meir næringsrik og appetittleg.

Nedskjeringane i omsorgssektoren er eit uttrykk for prioriteringane i den einsskilde kommunen, men dei syner også at kommuneøkonomien i dei fleste kommunane i vårt fylke er hardt pressa. Eit fleirtal av kommunane her har fått ein inntektsvekst under landsgjennomsnittet i fleire år. Ofte råkar reduserte overføringar og inntekter dei kommunane som har største utfordringane i eldreomsorga. Sentrale styresmakter kan ikkje fråskrive seg ansvaret for kommuneøkonomien, der må vere tilgjengelege midlar, ikkje berre fromme ynskje, godt prat og rettighetslover.

Årsmøtet i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane oppmodar kommunane i fylket til å prioritere nok midlar til ei verdig og tenleg eldreomsorg i heile fylket.

Vi ventar også at stortingsrepresentantane frå fylket sikrar kommunane ein økonomi som gjer dei i stand til å ta vare på både dei eldre og dei yngre innbyggjarane. Dette bør kunne gjerast noko med ved fyrste budsjettrevisjonen.

Sendast til: Kommunane i fylket, (kopi til eldreråda), stortingsbenken  
Pensjonistforbundet, NRK, avisene i fylket, fylkeseldrerådet.